

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandvik

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Revestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Balderheim

G.nr. 105 Br.nr. 2093

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det var gammel tru at viss ein såg ein kjend person koma gangande på vegen, eller innkvar stad, og det so synt seg ikkje å ha vore nokon i det heile, so var det sikkert figdarsvarsel for vedkomande person.

Likeviis var det om ein høyrde nokon ein venta på koma gangande utanfor, eller det tok i dørklinka, og det so synt seg ikkje å vera so, då var det figdarsvarsel for den som var venta. Sat kattigla på stovetaket eller i tunteet og skreik "klelik - klelik" so var einkran på garden feige. Verst var det om ho kom og skreik det på morgaen.

2.3. Ein kjemur ikkje til dette om dei hadde midlar til å få greia på folkes feigd.

4. Ein har høyrte om folk som "såg" meir ein andre, og sa det føreåt når folk skulde døy.

Ein mann som gykk gardimellom og "bad seg" hadde slike vnor, var det fortalt.

(Han levde til kring 1880.) Han såg jammast den feige i likkista. På det tūnet han hadde "sett" sovore sa han ingenting om det, berre skūnda seg derifrå, gjerne utan å vera innom og be etter noko. Men ved slike

høve kom han jamt gråtande til grannegarden og der fortalde han kva han hadde "sett", og let svært illa over kor vondt det var å sjå so mykje syrgjelegt. Det var fortalt at det hende alltid slik som denne mannen hadde sagt. (Har fortalt om han før i ungdom.)

5. Feigdarslus høyrde ein om før. Syuke folk som elles var reine kunde brått övergå med lus når dei låg for døden. Og det var uråd å verta kvitt henne med vask eller omno rädgjerd. Når den syuke døydde kvarr lusa burt av seg sjölv. Ho gjekk ikkje over på friske folk, var det sagt. Det var også meint at det berre var vunde menneske feigdarslusa plaga. Dei som hadde vore gode menneske kom der ikkje feigdarslus på.

6. Ein har høyrkt om feigdarsvült. Folk kunde klaga over ikkje å kjeerna seg mette, eller vera like svoltne strakst dei var gått frå bordet. Eller ein sjuk kunde få sterk hug på ymse slags mat, kanskje must slik som var vand å skaffa, so vart det kalla feigdarsvült.

#### Dödsleiet.

7. 8. Dette har ein ikkje høyrkt noko om.

9. Der måtte ikkje vera hönsafför i hovudputa til ein som skulde stri med døden, helst skulle det vera myk havrehalv. Ein opna alltid ljoren eller vindauga so snart den syuke andast.

10. Før i tida var det ikkje ofte presten vart kenta til syuke folk her i bygda. Det var so lang veg frå der presten budde og hertil. Og ein måtte sjölv skaffa prestestyss den lange vegen, eller betala han. Og litt skulle presten ha for sin unnak. So han

vart iallefall ikkje henta til fatigfolk. Men det hende presten vart henta til ein og annan som hadde råd til det, og då var det mykje høgtidsamt. Ein let folket i næraste grenda få veta om det so at gamle folk som ikkje kom seg til kyrkjeja mior künde koma der og gå til alters samstundes den syuke. Han vart då gjerne flutt inn i stova om han elles låg ein annan stad. Stova vart fjelga på det beste med finhakka brakje på golvet. Framfor sjukisenga vart sett eitt bord med kvit duk på, og to messing lysestakar med lys, og so bibelen. Når presten kom snakka han fyrst ei stundleine med den syuke. Etterpå kom alle husens folk inn både born og vaksne, alle helga-kledde og med salmebøker. Dei gamle frå grenda som skulde gå til alters fekk plass nærast bordet. Presten held ogso ei stutt tale til dei. Ein av mennene i huset kvikte lysa. Dei som skulde få sakramentet vart fyrst tilsagde syndsforbiting, den syuke fyrst og so hine. Deretter delte presten ut brödet og vinen, då og fyrst til den syuke. Der vart og sunge salmar som ved altergang i kyrkje, so sant den syuke ikkje var altfor klein. Til slutt lyste presten velsiginga. For slike reiser forlangde ikkje presten sjölv kva han skulle ha for bryet, folk kunde sjölv gjeva som dei vilde ta til. Ein veit om at ved eit slikt høve i 1900 fekk han 4 kroner. Frå gammalt var det vanlige ein dalar, var det fortalt.

13. Det var ikkje uvanligt at eldre folk sjölv sa frå om korleis eitt og annan skulde ordnast ved gravferdi, kven som skulde bedast med og kven ikkje. Summe bestemte og korleis dei ymse ting etter dei skulde skjøftast, iser

om det var ting av sylv som dei ätte.

Tiden mellom dødsfallet og begravelsen.

14. Ein har høyrte brukt alle desse uttrykk som her er nemnde: han sovna inn; han fekk flytta; han slokna; han fekk fara heim; han fekk reisa; han fekk heintlov; han fekk sleppa; han & dæm.

Om born vart det sagt: han vart gjøymd, Våherra gjøymde han, Våherra tok han te seg.

Om born som var dødfødde høyrde ein jamt sagt:

Våherra let ikkje ånena opp på han.

15. Ein har høyrte det var brukt å halda ein spegel framfor munnem til den døde. Ein prøvde det og ved å setja ein fingergom inn på auga hans.

16. Ein har ikkje høyrte fortalt om nokon skindøde her frå bygdene.

17.18. Når nokon døydde var det noko av det første som vart gjort å lata pent att augo hans om dei var opne. Når liket var vaska og stellet vart kjaken bunden opp med ein linklut eller silkeklut. Viss augneloka ikkje held seg att la ein då gjerne ein mynt eller og ein kinnknapp på kvart augnelok.

19.20. Ein bad til vanleg ei eller to av gramme-konone med til å vaska og kleida liket. Iven som helst vaksen künde gå og be dei om det, men ein sende ikkje born i slike vrend. Nokor ormor varsku om dødsfalle vart ikkje gjort før liket skulle leggjast i kista.

21. Ein har ikkje høyrte at husdyra skulle varslast.

22. Ein har berre høyrte om at ljores eller vindauge vart opna so snart den syuke andast.

23. Ein måtte vaska og klede liket før det vart kalt og stivt. Når det var gjort vart det flytta frå senga og "lagt på benk".

24. 25. Liket vart lagt på ein benk med litt halm på og eitt laken oppå halmen og ei lita hovudputa med halm i. Oppå benken ved hovudet og føtene til liket vart sett høge skamlar som ein la ei brui og høvedig lang fjøl over. Over det heile vart breidd eitt kvitt laken, gjerne svipelakenet som sidan skulde brukast i kista. Solis vart liket dekket.

26. Den tida frå liket vart lagt på benk og til det vart kistelagt låg han eller ho på likstrå. Det var ikkje senghalmen som var kalla so. Det var halmen på benken som var likestrået.

27. 28. So snart den døde var lagt på benk vart senghalmen boren ut og brend om det var med dagen. Var det med natta venta dei med å bera or senga til dagen kom, for den skulde brennast berre ved fullt dagsljøs. Samstundes vart også brent gamle skor og utslitne kler etter den døde.

29. Når liket var lagt i kista og den var sett i búa eller på låven, vart benkhalmen utboren og brend på same staden som senghalmen.

30. Det var inga viss tid for kor snart etter døden liket skulde stillast. Det måtte berre verta gjort so snart råd var, og før det kolna fornykje og stivna.

31.32. Der var jamnast i kvar grend ei kona som stött var tiltaken når lik skulde vaskast og kleddast. (Det var gjerne den same som var merkona ved fødsel.) Som oftast fekk ho ei omor kona med seg til arbeidet, viss ikkje der i dødshuset var nokon som gruidde det. Ein har ikkje høyrte om at dei som stelte lik skulde vera kledd på særskild måte.

33.34.35.36. Det fyrste ein gjorde var å kle av liket og vaska det og klippa negler på fingra og tev om det trøngst. Kvinnene fekk håret gridd og fletta i to flettor som vart bundne kring hovudet. Dei ugifte fekk håret fletta og oppbunde med roggaband, for dei skulle ikkje ha hovudplagg på seg i kista. (Roggaband var lange brune handvorne band i mange fargar, som jentene brukte å binda håret opp med.)

På mannslik vart håret og skjegget klypt. Var det ein som hadde bruka å raka seg so vart han raka. Det var alltid ein mann som gjorde det.

37. Ein har høyrte nokre om at ein i eldre tid hadde bruka likvatu som sjukdomsråd. Men kan ikkje no med vissa kunna segga kva slags sjukdomar det var imot.

### Likkelær.

38-40. Å kleida på lik var kalla "å kle lik", "hå kleddi like". Men likkerne var kalla sveipekle eller berre sveip, "hu sauma seg sveip". Ein sa både sveipelaken og liklaken. Sveipelakenit skuld vera fire alner langt. Det vart lagt under liket i kista, bretta over på sidene,

og over hovudet der det skulle <sup>brettast</sup> ~~ta~~ fram  
over ansikt og rekka nedom hoka. Dette kalla  
dei "å sveipa".

41. Dette veit ein ikkje so visst.

42. 43. Det var bruka at ein gjøymde brüresjorta og brudgomsjorta til likkle. Men ikkje alle gjorde det. Eitt kvinnelik var klett solis: kvit linsjorta og linstakk, kvite sokkar (av ull og handspöta.) Jenter hadde roggahår, og konor hadde si beste svarte konehüa av klede eller vadmal. Under hüa var bunde eit trekantet kvitt linskaüt, slit dei bruka under hüa til vanleg. Eit mannslik vart kledd i kvit linsjorta, kvit vadmals knebuksa og kvite ullsokka.

44.-47. Som fortalt var gamt noko av likkleda av ullty. Fötene skulle ikkje vera synberre men ha sokkar på. Til born vart linsjorta laga so sid at den kunde sveipast ned under fötene, då bruka ein ikkje sokkar.

So vitt ein har kjenskep til var det berre konore som skulde ha hovudplagg.

48. Dette er fortalt om spursmåla framføre.

49. Ein har ikkje høyrst der var bruka særskild likkedna for barselskonor.

50. Kring 1900 kom det i bruk med blonder på likkeler for kvinner. Då kom det og i bruk å sy lange likkjolar både til kvinner og menn, og kvite bomullsokkar vart kjøpte i byen.

51. Framover frå hundraårsskiftet kom det litt etter kvart i bruk å kjøpa ferdige likklede i byen, iser til yngre folk. Dei gamle hadde

gjernie likkledda liggjande ferdige frå mange år attende, og dei vilde dei verta nedlagde med.

52.53. I mange år har det vore vis å få likkista same dagen den trengst, frå ein slik verkstad i ei grannabygd. Og då fylgjer der sveips med i kista, om ein vil det.

Under siste verdenskrig var papir bruka til likesveip, og nokre år etterpå og. Men dei siste åra har sveipi vore av tømmt lirket.

Typte likkler kallast og for sveip.

54.55. Ein har ikkje høyrte om den trua at det kunde vere hjelp mot sjukdom å røre ved lik eller likkler. Ein har heller ikkje høyrte det kunde vera færligt til vanligt. Men det var fast tru at ei kvinna som gjekk med barn måtte ikkje sjå lik, so sant det kunde avvegast. Ho måtte ikkje vera med når nokon vart lagd i kista, om ho var beden.

56.57. Dette har ein inkje kjenskap til. Dei pengestykke som hadde lege på augnelåka på lik, skulde leggjast i kyrkebørsa. Ein kjemur til det vart gjort for eit par år sidan og.

58. Det var ikkje uvanleg i eldre tid at ein mann som var opp i åra sytte for å ha ståande ferdig likkista både til seg og kona. På kvar gard skulde dei til kvar tid ha liggjande ferdige kistebord både til ei og fleire kister.

59. Der var bruka trenagla (likkjestenagla) til likkistene lengje etter det var vanleg med spikar til alt anna.



60. Ein minnst å ha sett der var bruka bastatog til handfanga i likkista. Seinare var det ferdigkjöpte handfangar som var bruka.

61. I eldre tid var det jaunt husbonden på garden som laga kista. Seinare vart det vanleg å leiga ein bygdesnikkar til det. Og dei seinste åra vart kista kjøpt ferdig frå ein likkiste fabrikk.

62. 63. Før i tida var likkistene svartfarga. Ein veit ikkje å seiga korleis fargen vart laga. Etter fyrste verdenskrig såg ein dei første kvite likkister. Det tok fleire år før det vart ålment.

64. Ein kjenner ikkje til der var bruka hol i låket.

65. 66. Som underlag i kista var bruka hövelspon. Hovudputa vart og fylt med spon. At noko anna var bruka kjenner ein ikkje til.

68. 69. Ein har ikkje høyrst om at der skulde leggjast noko lause gjenstander i kista med liket til vanlegt. Men når ei barselskona døydde med uføtt barn var der lagt barnetøy, sjorta og tuive, og ei saks med i kista.

70. Det var fortalt at i eldre tid var likkista pynta berre med eit lite kvitt kors som var festa på kistelåket. Korset var pålag 30 cm langt, og laga av han som laga kista. Frå pålag 1890-1900 tok folk til å binda kransar av lyng og barlind og bergfletta, og blommar når det var ved somarstid.

71. Dette har ein ikkje høyrst noko om.

74.-76. Når der skulde vera kistelegg vart dei neraste slektingar bodsende og bedne om å koma vera tilstades. Likeeins vart mamm og kona bedne hos neraste grammane (ikkje heile grunda.) Ein voksen mamm i huset, eller ein nær slekting bad i kistelegg.

Når liket var lagt i kista vart der helde andagt. Skulemeisteren var gjerne bedin med til å liida andakta, om so han var i grunda.

Fyrst vart der songe i salme, so les ein litt stykke or bibelen, og etterpå vart attter sunge ei salma. Dei som hadde stilt liket gjekk so burt åt kista og brette lakenet over den døde, og liket vart lagt på kista. Karane i laget bar so kista ut til der den skulde stå til sjondagsdagen. So vart bordet dekket og dei som var tilstades vart trakterte med kaffi og kling og kakor. Der vartog sunge salmer før og etter maten, og ein i laget las bordlesteren i høgt. Ein har aldri høyrte om at der vart festa og dansa i kistelegg. Ein kalla denne samkoma kjistelegg.

Ein bar kista ut i búa eller på låven før ein tok til med trakteringa.

77, 78. Ein kjemmer ikkje til at der vart pynta i romet der liket låg, eller der kista stod. Ein ströyddde hakka brakje på golvet i stova og utanfor døra når der var kistelegg.

79, 80. Dette kjemmer ein ikkje til.

81. Ein bruka å ha hakka brakje i tünnet og mellom tüssa so lenge der låg lik.

82. Kista skulle alltid stå slik at føtene til

liket vende mot utgangen.

83. Liket vart lagt på kista, men det vart ikkje fastnagla før sjundarsdagen.

84. 85. Ein har ikkje kjenskap til at der var brukka andre slags ansiktsduka enn ein firkanta linduk, pålag som ein lommeduk. Her kalla dei den sveittadük.

86. Det var vistnok berre når der var kistelegg der kom folk for å sjå liket. Ein tok ikkje born med då. Berre dei borna som høyrde huset med var då tilstades.

87. I vår bygd fekk ein kapell og gravsdal som vart innviggt 1940.

88. Skikkun med kistelegg held seg mest übrigda i vår bygd. Berre eitt par stader der plassen kunde vera liten, har liket vorte kjørt til kappellet før gravferdsdagen. Men kistelegg var der som vanleg likevel.

Sorg. 89. Der skulle vera mest mogeleg stillt og rolegt i tun der det låg lik. Ein måtte også prata stillt, og hög lått måtte ikkje høyrast i den tida, sjølv om det var ein "sølebotsdö" som ein helst var glad for.

90. Dette kan ein ikkje seia so visst.

91. Ein har ikkje hørt der var noko viss tid for sørgetida.

92. Lengda på sørgetida var ettersom det var "sølebotsdö" eller "sorgadö". Etter ein sølebotsdö vardi ikkje "sørgetida" lenger enn til ein vel hadde ryddja av etter

gravferda. Ingen venta dei skulde syna seg sorgande lenger enn sømelegt var. Etter ein "sorgadø" derimot skulle ein ikkje ta del i lystige lag som brudlaup og danselag før ei tid var gongen, eit halvår eller so.

~~Ein~~ Ein måtte heller ikkje for snart setja på seg pynt som syljer og ringar eller flivfarga silkeklutar når ein gjekk til kyrkje. Men klida seg so enkelt og utan stas som tid var.

93. Ein har høyrst om at i eldre tid var det skikk at i gravferda etter ein mann hadde enkja sitt kvitt plagg over seg. Ho hadde det over hovudet og ryggen ned til beltestaden.

95. Det var helde for lite folkelegt å anka seg eller gråta høglytt ved gravferder. Det tydde ikkje noko godt sa folk. Eitt ordtak seier: "Ein skal ikkje gråta ein annans glede". Ein hugsar det var sagt til born som gret høgt, at det måtte dei ikkje gjera, det "lövast ikkje", for då fekk den døde ikkje glede seg i himmelen.

96. Noko som dette har ein ikkje høyrst.

97. Om ein kunde ta ein ting som den døde hadde ått, kler, pengar eller arma, og gjeva ein fattig so skulde det hjelpa godt til å lindra sorga. Ein har høyrst om at slike gavor var gjevne.

98. Synge ut liket.

Ein har ikkje høyrst at sundagen var brukta til likferdsdag. Heller ikkje har ein høyrst det

Skulde vera nokon bestemt vekedag. Det vanlige var at gravferda var halden søndagen etter dødsfalle. Høvde det slik det krefte på søndag var gravferda anten laurdag eller mandag.

99. No segyr folk her gravferd eller begravelse. For sa ein alltid berre sjond (sjünd) "da va sjond i tünut"; "da kunde i sjondo ette han". For pålag 30 år sidan var det berre det ordet som var brukta, no høyrer ein det svært sjeldan, ikkje av gamle folk einong.

100. For liket vart bære ut held kjörmistaru ei tala over eit Guds ord, og bad farvel i huset frå den døde, og farvel frå dei attlevande til han. Deretter vende kjörmistaru seg til fire menn i sjündalaget og bad dei vera "songara". Dei fekk kvar si salmebok, og kjörmistaru sa kva salma dei skulde syngja. So tok kjörmistaru ljosa på kista og slökte eit for eit og sette frå seg på bordet. Når so songarane byrja syngja tok seks mann og bar kista ut og sette den på vagna om ein skulde kjögra, eller på to krakkar viss den skulde berast, for ein skulde stogga i tünut med songarane song tre vers.

No i seinare tid etter det vart slutt med å ha brunnande ljös på kista under talen er det jamnast ein bar kista ut på tünut og held talen der, um so veret er bra. Då vert der sünge eit salmevers med same fylgje set seg igang. Og endå held den skitsken seg at songarane syng eit salmevers for kvart tün sjondarsfylgje drag forbi.

101. 102. Søndagmorgoen vart loket nagla fast til kista før yestene kom til gards.

Ein har ikkje sett det, men hugsar fortalt at før det vart skikk å kransa kista so la dei eitt teppe over frå yestene kom og til ein bar ut kista. Dette teppet kalla dei "sparrlaken" og var det same som ein hadde over skejssk-borna når ein reiste til til kyrkje med dei.

Sparrlakenet var litt lengre enn breitt, og var vove i mange fargar. Ikkje alle åtte eitt slikt teppe, so det var vanlegt det gjekk på lån i grenda.

103.-108. Det var skikk før å brenna ljøs på likkista. Ein har berre sett der var bruka to ljøs, om det var forskjell for gifte eller ugifte kan ein ikkje sei. Ein har og høyrte der var bruka tre ljøs på likkista.

Dei var plaserte nokorende mitt på kista kanskje litt nær opp mot hovudgolen.

Ljosa vart kvikke før kjömistaren skulle til å halda talem. Når han var ferdig med den og songarane hadde songe reisoverset tok kjömistaren eitt for eitt av ljosa, det nedste fyrst, slökte dei og sette dei frå seg på eit bord so vart kista utbären.

Ein har ikkje høyrte at ljosa skulle bringast til kyrkje etterpå, eller kva som vart gjort med dei.

109. 113. Dette som her er spurt om hugsar ein ikkje å ha høyrte so mykje om at ein kan fortelje om det.

<sup>115.</sup>  
114. Frå fyrste verdenskrig - eller den tid det vart vanlegt med motorbåtar til skjss - har det vore vanlegt å henta presten til å halda tale i heimen ved gravferder.

116. Dette er fortalt om i spørsmål framføre.

117. I eldre tid var der jamt bruka mykje skjenk ved graoferder. Der gjekk både drann og ølskåler over borda ved matmåla. Før ein reiste seg frå bordet når ein skulde til kyrkegården gjekk "færaskålo" rundt borda.

118. Færaskålo var öl. Ølskåle gjekk frå mann til mann over heile laget både menn og kvinner og den laut litt påfyllast av kjörmestaren. Ein kalla den og reiseskålo.

119.-121.

Det var mennene i grenda som bar ut liket. Dei næraste slektningane skulle ikkje gjera det. Det skulde heller ikkje vera slektningane som firdi kista ned i grava. No er dette omorliis. Er det eldre folk som er døde er det gjerne søner og versøner og andre nere skyldfolk som ber kista ut or heimen. Men ein har ikkje sett dei er med å fira kista åt grava, det er det framliis grendamennene som gjer.

122. Ei likkista skulle aldid berast ut med fotenden føre. Det er likeeins no og.

123. 124. Ingenting av dette som er nemnt her har ein høyrst om.

125. Før i tida ströydde ein alltid med hakka brakje både inne i stova og ute på tunet, og eit lite stykke bortetter veggen ved graoferder.

126. Skulde liket kjöyrast vart kista sett på vognen med det same. Skulde det berast var der sett til rettes to krakkar på tunet til å setja kista på med ein skifte berara.

127. Ein har ikkje høyrst om at berarane

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller andre fekk dram eller öl etter dei var gått frå bordet.

128. Det var gamal skikk at klevakonene og kokka fylgde med likfylgje ut or tunet og eit stykke på vegen, og gjekk so heimatt.

129.-131. Ein har ikkje høyrte om anna enn at både kvinner og menn var med ved gravfjorden. Det er ingen ny men ein gamal oppfatning at di større likfylgje var di drefullare var det. Ein høyrde ofte fortalt om det før av dei gamle, kor mange der vart halte i likfylgje etter den og den.

132.-133. Ein brukte å ha hakka brake i tunet og eit lite stykke på vegen i likfjerdsgarden. Men det andre her er nunt i spursmåla har ein ikkje høyrte om.

134.-138. So lenge ein no minnst var det vis å huse flaggt på halv stang ein gravferdsdag. Det gjorde grammar og skyldfolk, og på kvar gard der likfylgje fór framom. Fyrsta ein hugsa vart flaggi heist til topps når ein såg dei fyrste i fylgje var på heimveg. Men seinare, kanskje etter fyrste verdenskrig, vart flaggi verande på halv stang til ein tek dei med om kvelden.

139.-141. Likfylgje stogga ikkje opp, men songarane song salmevers for kvart tøn, med fylgje gjekk seint forbi. Songarane og kjömmistaren gjekk alltid framføre det som bar eller kjöyrde liket. På gardane likfylgje gjekk framom stod folket på avstand og såg på. Held dei på med eit arbeid so stogga ein arbeidet til likfylgje var gått forbi. Har ikkje høyrte om at dei vinka. Ein song salmevers ogso ved dei gardane ein rodde forbi.



142. 144. Dette har ein ikkje høyrte noko visst om.

148. 152. Ein skulde fara langsamt til kyrkegården anten so ein kjørde eller gjekk. Ein fór med vanleg fart på heimattvegen. Ein har ikkje høyrte om kappkjøring eller kapproing ved gravferder. Vanlegvis var det ein av gramma som kjørde liket, gjerne den som åtte den eldste og vislegaste hesten. Har ikkje høyrte at fargen på hesten hadde noko å bety. Dei aller neraste skulle ikkje kjøra eller bera liket. Han som kjørde gjekk attmed likvogna. Songarane og kjømistarane gjekk fyrst i likfylgje.

153. Ein har ikkje høyrte om anna enn at dei skiftist om å bera liket der dei ikkje kunde ro eller kjøra.

154. Dette kjennur ein ikkje til.

155. Ein har høyrte dei gamle trudde søla sikker for den som døydde på sundag eller ein annan helgedag. Dei snakka om helgedagsblind, "han fekk helgedagsblinden". Ein har og høyrte om at konor som døydde i barnseng var sikra søla. At alle som kom vekk på sjøen vart søla har ein ikkje høyrte.

156.-66. På kirkegården.

Ein har ikkje kjennskap til at det skulle vera nokon bestemte menn til å lyfta likkista av vogna og bera den til grava, so lenge ein no minnst vart det gjerne gjort av neraste slektingar og gramma. Der var ikkje framstelt krakk. Ein sette ikkje kista frå seg før ein kom til grava, då vart ho sett på dei to borda som var lagde kross over grava til det bruket. Kvarhelst desse to borda eller dei reidskap som var bruka til

gravinga vart oppervarde veit ein ikkje å seia, heller ikkje kven som åtte dei.

Ein har ikkje høyrst om at der skulle gjerast noko bestemt med likhesten. Men ein såg alltid at han som hadde kjørt vart verande hos hesten med likfylgjet var på kyrkegarda endå hesten alltid vart bunden.

Vår prestem tinga til å halda jordfesting samstundes gravferda, so møtte han likfylgje utanfor kyrkeporten, um han ikkje hadde vore i heimen föraut. Ein kjemmer ikkje til at kista vart baren rümt kyrkja eller rümdt grava. Vår prestem med vart kista baren inn i kyrkja der talen vart halden. Vår ikkje prestem med vart kista baren direkte til grava. Der vart ikkje sünge när ein bar kista inn på kyrkegarda til grava. Kyrkeklokka tok til å ringja då likfylgje var eit stykke frå kyrkja, og ringde utan å stoppa til kista var sett ned i grava. Vår prestem med so held ringinga opp när alle var komne inn i kyrkja. Men när fylgje gjekk ütatt or kyrkja ringde klokka igjen til kista var nedsett i grava. Ein har ikkje høyrst om at der vart ringt med kyrkeklokka när der var jamna over grava.

#### Graven. 164.-175.

So lenge nokon no minnest har her vore fast gravar i sokna. Han har vore kalla kulegravar, men kva namnet tyder veit ein inkeje å seia. Ein har høyrst fråsegn om at för her vart fast kulegravar laut karfolka som var med i likfylgje kasta grava opp. Den faste gravaren kasta grava igjen, ikkje grammane.

Ein har heller ikkje høyrte om at menneske kasta ein spade gjerd på kista etter jordfestinga. Ein har forstått det slik at jordfestinga var meint som ein rett og verdig avslutning på jordlivet til ein kristen. Eller som ei oppfylgning av dei orda som lyder ved dåpen: Gud vare din inngang og utgang - - -

Var der ikkje jordfesting ved gravferda vart der sett ein firkanta staur i grava til der vart jordfesting. Ein har ikkje høyrte om arma pynt og stell av gravene i eldre tid enn at der var sett ein trekross på stumme, slett ikkje alle.

Dei siste par mannsaldrar har folk mur og mur teke til å ställa om gravene. På dei aller fleste er dyre gravsteinar og støypt karm eller kullkarm kring grava. Helgemess og jolafta er visse dagar då mange går med blomar på gravene. Og likeins til påske og pinske, og ellers søndagshelgane om sumaren, no etter her vart kyrkegard i bygda (1940). Det er blomar og kransar ein pyntar gravene med. Ein har ikkje sett dei pynta med joletre.

Særlige tilfelle. 176. 181.

Ein har ikkje høyrte der var gjerd skilna på stell og likkel for ein sjølvordar. Men ein har høyrte fortalt at i eldre tid var kista til ein sjølvordar teken inn på kyrkegarden over kyrkegardsmuren og ikkje gjennom kyrkeporten. Men dette har ikkje hendt som folk no kann minnast. Ein har ikkje høyrte at sleden skulde attsetjast ved kyrkegarden. Ein har heller ikkje høyrte kvarhelst sjølvordaren fekk grava si. Udøpte og dødfødde og for tidlig fødte born vart lagde i små kister eller øsjer og nedsette i den

fyrste grava som vart graven på kyrke-  
garden etter at barnet var kome.

Gravöl. 182. Dette er svara på i sp. 99.

183. Som bearmann til gravferder var gjerne  
nyttå ein sooger eller ein iekte for nærre sliktning  
eller ein av grammane. Det var alltid ein mann.

Frå gammalt hadde kvar gard si begrend som  
rakk so og so langt, til den og den garden. Til  
brudlaup bad ein meir vener og kjemningar og.  
Men slagta måtte bedast vel ut til sjond,  
so fylgje kunde jamt verta store.

Bearmannen var vanleg sundagskledd, elles veit  
ein iekte noko sers om bünaden hans. Han  
skulde vera alvorssam i framferda. Han sa pålag  
soleis når han treffe mannen i huset: "Eg har ei  
helsing te deg og káno frá N.N. og káno hans  
om de vilde gjera so vel å káma til di fredag  
å fylgja a.d. til gravo. De å bedne begge telikes."  
(At du var bedne "begge telikes" vilde segja at om det  
ikke hövde for di å koma begge to, so künde  
den av di koma som best det hövde for.)

Frå gammalt skulde alltid bearmannen trakterast  
På neraste gardane var det berre dram eller  
öl. Men hadde han gått langt skulde han  
tilbords, og helst dram attåt der og. Dette med  
dram til bearmannen har helde seg litegrand  
til nyss, sosant det faust i huset, og han tok imot.  
Bedarbrev vart sendt inn dei som skulde  
bedast budde i andre bygder.

Ein veit ikke av at ei sjund varde meir ein  
ein dag, men den kunde drya langt utover  
kvelden og noko av natta med.

Der höyrde fem mål mat til i ei sjund, to for  
ein ruiste til kyrkegarden og tre mål etterpå.

Ein kjemur ikkje til at det var nokon slags mat som ikkje skulde brukast i sjundarmiddagen.

Var sjunda etter ein ugift so var andre målet - reisemålet - graut. Det var vanlegvis mjølkegraut iblanda kjomegraut, og skulde vere for bruragrauten, var det sagt. Etter gifte folk var reisemålet draole.

Dei aller næraste slektingar til den solidue skulde vere mest mogelig fri arbeidet med sjondarstaket. Om dei kunde hjelpe til å rett-leida på kjøkkenet, so skulde dei ikkje vere med å bera inn maten.

I næraste grunda stogga ein alt utarbeid på gravferdsdagen frå den tid folket tok til å koma til gards. Noko anna vart mislika og halde for skam.

Viss det var kjøt ein fodna so vart det sendt dagen føreåt, jerne om det var fodnabrod og, men det kunde ein og ha med seg sjundardagen. Bøndene hadde og med seg eit spann mjølk, som skulde vere til grauten eller draolen. Vart fodnena sende dagen i førevegen var det gjerne tenestjenta eller ei vaksi dotter som gjekk med dei. Dei var alltid svartkledde, som ved gravferdsdagen.

Dei som kom med fodnena vart trakterte med klingefat og kaffi.

Ein bruka å ha eit stort kvitt plagg over sendinga - fodnaplagg. Annan pynt var ikkje brukt. Dei som var velstandsfolk fodna gjerne både kjøt og smør. Det var kalla dubbel fodning her. Ein har ikkje høyrst om halv eller heil fodning eller sending.

201. Under rasjoneringa under fyrste verdenskrig vart det slutt med so mange matmål i gravferder. Ein gjekk først over til middag og kaffi etter sjonderfylgje korn att frå kyrkje garden.

Seinare vart det berre traktert med smørbrød og kaffi. Under siste verdenskrig då det var so vaält om brödmat tok folk til med å få samla so mykje mjölk at dei koka raüedraale som sjondarfolket vart trakterte med då dei kom frå kyrkjegarden. Det held seg ei tid etter krigen og. No seinare er det igjen vorte smørbrød og kaffi som er trakteringa.

202. Det var bruka ei tid å berre skjenkja drammar over borde ein gong ved kvart mål. Men kring hundraårskiftet vart det og slutt.

203. Ein minner det var mykje samstundes det vart slutt med brygging og fodning både til brudlaup og gravferder. Kanskje held det seg fullt so lengge til brudlaups.

204. Ein kan ikkje sei at kransesending avlyste fodninga. For fodna gjorde alle. Men kransar vort berre sendt av aller næraste slekt og vener, og foreningar. Ein veit om der vart sendt kransar med kvite sløyfer på for 50 år sidan, men nett kva tid det tok til veit ein ikkje å sei.

Det var so ymse både før og no, kransane kunde vera kjøpte i byen, då var der jamt sløyfe med. Sumne var flinke å laga like fine kransar heime av barlind, bergflatta og lytteberlyng, og med bomar i.

Dei fleste kransar let ein fylgja med kista i grava, ein tar berre eit par stykker frå og legg i kapellet, so legg gravaren dei på grava når den er attkasta.

200. Dette er svara på i sp. 101. Bevertninga ved gravferder foregår no i ungdomshuset i bygde.

212. Det fyrste ein såg dødsfall utlyst i avisa var under fyrste verdenskrig når nokon sjöfolk kom vekke ute, altso frå bygdene herikring.